

Tre diplomoppgåver ved Bergen Arkitekt Skole.

Tre forslag til utvida bruk av byen.

Kvifor ikkje gje Ytre Arna litt omtanke?

Ytre Arna har fått fallera lenge nok. Det er på tide med ei opprusting som kan gjera tettstaden trivelegare for både fastbuande og asylsøklarar, meiner Anne-Kathrine Vabø.

DIPLOMSTUDENTEN har lagt seg i selen for å finna ut korleis ho kan skapa fleire møteplassar i tettstaden.

– I dag er det slik at dei fastbuande kjører bil til og frå alt. Dei som bur på asylmottaket går langs vegen eller tek bussen. Ved å laga fleire betre gangveggar og møtepunkt, kan det bli lettare for alle å møtast, seier ho.

– Det skjer så mykje positivt her, ikkje minst i Kulturhuset, men huset er så lukka. Difor har eg opna det opp og vendt nybygget mot skogen ved elva, forklarar ho.

Arkitekten har teikna gangbru over elva, rusta opp gamle trapper og stiar i denne skogen og elles mellom husa i den bratte fabrikkbyen.

Ved asylmottaket som held til i den gamle ung-

karsheimen til fabrikkken, har ho hatt dugnad saman med dei som bur der. Dei har rydda i ein del av hagen og planta frukttrær. Vabø har også laga plan for korleis den ein gong så flotte parken bak mottaket kan rustast opp.

NEDE VED FJORDEN, ved den gamle dampskipskaaien har ho planlagt ein fiskeplass.

Diplomstudentane ved Bergen Arkitekt Skole reknar ikkje med at nokon står parat til å realisera prosjekta deira. Men dei håpar dei kanskje kan så nokre nye tankar.

– Og det hadde sjølv sagt vore veldig kjekt om noko av det vi har jobba med kunne bli noko av, seier Anne-Kathrine Vabø.



OPNAR KULTURHUSET: Arkitekt Anne-Kathrine Vabø har teikna eit påbygg på Kulturhuset i Ytre Arna som opnar huset og skaper kontakt mot skogen ved elva, mot gata og mot fjorden. Den gamle fabrikkbyen er i dag prega av manglande stell av fellesareala. Vabø vil blant anna rusta opp gangveggar og gamle trapper.



GAMMAL MIDT I BYEN: Nytdanna arkitekt Anja Drozdik trur mange gamle vil like å bu tett på eit hektisk byliv. Arkitekten meiner det kan forsvarast å ofra nokre gamle hus for å kunna skapa noko nytt.

Kvifor ikkje sjukeheim midt i byen?

Gamle og sjuke fortener å få i både pose og sekk, synest Anja Drozdik. Ho vil gje dei ein heim som har kontakt med det aktive bylivet.

HO HAR LIKE GODT plassert ein ny sjukeheim som næraste nabo til Grieghallen. På tomta i Nygårdsgaten der det i dag står eit blått trehus, og på skrå bakover og inn i eit av husa som har fasade mot Hans Holmboes gate.

– Tanken min er at sjuke, gamle som ønskjer å bu i sentrum, må få høve til det. Ved å bu i eit hus midt i den travle byen,

med store vindauge ut mot gata, kan dei delta visuelt i bylivet om dei ikkje lenger er i stand til å gå ut, seier ho. Det er også eit poeng at ulik samfunnsaktivitet enkelt skal kunna trekkjast inn i sjukeheimen, seier ho.

Fellesromma i sjukeheimen har diplomstudenten plassert fram mot gata, romma til dei gamle ligg på baksida. Inne på romma har ho

skjerma senga, for å unngå sjukehuspreg i resten av rommet.

PÅ SOLSIDA, bak bygget har ho laga ein felles hage, som vender mot Sekkegaten med gamle byhus og hagar.

– Slik kan dei gamle også få tilgang til natur midt i byen og utsikt til gamle, kjende byhus, seier Anja Drozdik. Ho trur det er ein god ide

å kombinera nybygg med eksisterande gamle bergenshus.

Den nybakte arkitekten trur mange av dei som blir gamle i åra som kjem vil ha ønske om at også den siste heimen deira skal liggja sentralt i byen. Det vil vera trong for å tenkja mykje nytt om kva ein sjukeheim er, seier ho.